Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Fyresdal.

Emne: Transport av höy Bygdelag:

Oppskr. av: Einar Stoltenberg Gard:

(adresse): Fyresdal G.nr. Br.nr.

A. ~~Merk av om~~ Oppskrifta er etter eiga røynsle. og

B. ~~Eller om den er~~ etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I Fyresdal hadde ein i gamle dagar slått både heime på garden og på stöylan, og dertil hadde ein utslåttar i skog og på myrar, og ~~fitjar~~ fitjar og slett. (Dette er flat mark der ei å eller ein bekk renn utover.) eller slåttenes. (dette er fitje nummed storåa.) Mest alle gardar hadde utslåttar, og dei gardene som ikkje hadde det bruka å leige av andre.

1. Til utslått treng ein stor arbeidshjelp. Og etter at utvandringa til Amerika hadde byrja, vart det vanskt for mange gardar å skaffe ~~dom~~ slåttekarar. Difor tok det av med utslåttene og meir og meir etter som tida gjekk. No er det berre sume stader i heigrennane at dei enno driv med utslått.

Husmennene hadde ofte sine eigne slåttemyrar som for det meste låg ulagleg til. Som eit minne om dette har ein enno namn som Taraldsmyr, Kjetilsmyr o.s.b.
Husmenn drog sjølv höyet heim på kjelkje (ei kjåkje)

2. På utslåttene vart höyet köyrt eller båret saman og sett i stakk eller lagd i utlöe „höybu". I gamle dagar var det mange slike rundt om i marka, og sume stend enno, men mange fleir er rotne ned. Jamvel om ein hadde hest var det mange stader ein heller ville bera höyet ihop, avdi det kunne vera vrangt lende „ukvilt" og vondt å köyra.

Til å bera med nytta ein berre taug med hegd

317

men gamle folk kann minnast at det vart nytta ei vidje laga av ei ungbjørk. Kva namn ein nytta om slikt har eg ikkje fått greie på.

Höyet vart kjemd med rive og kjembene vart lagde krossvis over kvarare til ein hadde ei byrd. (ei byr)
Det skulde 4 kjember til ei byrd. 8 byrder til ein stakk som då skulde veige omlag 1½ skippund. (120 kg)
Ein hadde då passe vetterlass.

Når ein kar ~~hadde~~ har byrdi ferdug stella han seg framanfore med tauget over herdi. Så gjörde han eit kast på kroppen så byrdi lette seg, krökka knei og ~~[illegible]~~ fór slik byrdi opp på herdi. Det kunde vera vangare å kome opp med ein lita byrd enn med ei stor. Var byrdi for tung, (höyet kan vera rått) lyt beraren ha hjelp. Hjelparen stend bak og tar eit tak i tauget.

Til å köyra höyet saman nytter ein ei höysleda. men eg har sett dei lage seg köyregogn; desse er:

1. Dei hogg to passe slåter som vert fest ihop med ein tverkjepp. Oretol er i ~~den fyrste~~ topp-enden av slåtene. På slåtene legg ein då 2-3 höybyrder.



2. To passe store björkar vert hogne. I toppen let ein riset sitte. Dei vert sett saman med tverkjepp. Oretol har ein i rotenden. På riset legg ein så byrdene.



Slik reidskap er berre sjeldan nytta.

Mange stader i Fyresdal er det töar (ei to) („avsatsar", „hyller") i brattfjell. På slike stader er jorda ofte svært god, og det kunde vera godslåtte med fint höy. Her bruka dei i gamle dagar å binne höyet saman med vigger, bar og ris og kaste alt ut for ufsa.. På slike stader har dei i ny tid også hat löypestrenger (sidan 1900 om lag.) som dei sende höybyrdene ned med.

317

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

men no er det ingen staden i Fyresdal at dei sleer i töa, lenger det eg veit.
Eg veit ikkje av at dei i Fyresdal har nytta nokon slag trillebör eller båre til höytransport.

3.) Heim til gardo vart höyet köyrt på vetterföre både frå stöglar og utslåttar.

4.) Heime på jordet nytta ein höyslede i gamal tid. Ein hadde ikkje same sleden til höykøyring sumar og vetter. På same garden nyttar ein enno slede. Andre staden har ein eit hjulpar bak. Andre staden har ein höyvogn, men eg har höyrt ordet slede også nytta om desse.

På ei sumarslede nyttar ein ikkje jarnskoning. Meiene er av bjørk eller av seinvoksen gran „pinegrån".
Nokon regel om köyring på meie eller hjul veit eg ikkje om. Men er bakken for bratt kan ein ikkje nytte hjulvogn. Å forgjere ein vanleg arbeidsvogn med grind for höykøyring har ikkje vore gjort her. Höyet vart ~~tage~~ lyft i kjerruber med ive og lagt i sleden, der det vart tråkka. Ein kann enno sjå at dei lessar med ive, men for det meste vert no höygaffel nytta. So vert lasset tråkka. I eit vanleg sumarslass gjeng omlag 100 til 150 kg. Nokon skikk med omsyn til veirte lasset har eg alldrig höyrt.
Lasset vart fest med ~~to~~ 2 taug. Det kallast å gjerde lasset. Höyköyring med 2 hestar for lasset har alldrig vore brukt i Fyresdal.

5.) Fellesslått har sjeldan vore i bruk i Fyresdal. I grendar med fleire oppsittarar vart dei samde om ein dag då höykøyringa skulde byrje slik at alle var med om å bryte veg. Elles var det mykje av höyet som var langt burte som ein helst köyrde heim på skaren om våren. Til vetter



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

køyring hadde ein ein langslede. Når ein ikkje hadde lass vart paumstellinga lagd ned og grindene over dit. Å vera på höykøyring kallast å vera i höyskog. Vegen kallast „höyskogsvegen“
Husmenn og andre som ikkje hadde hest drog gjerne höyet heim på kjelke. Elles har det i gamal tid vore nytta eit reiskap som vart kalla „sibein“

Dette er ~~laga av~~ fem st meier som vert laga av bjørk med ein passe krok i rota til hav. Desse meiene som mest liknar på smale ski vert fest saman med sterke vidjur som gjeng gjenom hol i havene. Midt på meiene er der kvamper laga av einerpinner, og gjennom desse har ein eit reip til å gjörde lasset.

Siebeinet vert nytta der det er vero brat og ulendt. Eit slik gogn har eg skaffa til Landbruksmuseet.
kann berre nyttast på hard skare



Sibein er no ikkje meire nytta nokon stad i Fyresdal, men i Valle i Setesdal skal dei enno vera å sjå i bruk.

Fyresdal mars 1947

Tekning og mål av køyregogna, vonar eg, eg kann skaffe til sumaren.

Einar Stokkenberg.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY
317